

## Referat skulebesøk ved Hordaland helsefagskole – 14.11.2017

### Deltakarar

Hordaland helsefagskole: Rektor Håvard Ragnhildstveit, avdelingsleiar Mette Holmefjord Olsen og Tor Johannes Hjertnes.

Tillitsvald: Bjørg Orrebakken Haugland (NSF)

Opplæringsavdelinga HFK: Regionleiar Odd Bjarne Berdal og Adeline Berntsen Landro

Fagskolen i Hordaland: Rektor Torbjørn Tvedt

Forfall: Styreleiar Roald Kvamme

## GRUNNLAG FOR EVALUERINGA

### 1.0 Generelle kvalitetsindikatorar

Det ser ut til at talet på sluttarar ikkje er stigande, men at det er stabilt. Det er eit ønskje å redusere talet på sluttarar, spesielt ved fyrste studieår. Skulen forsøker å orientere studentane i høve til arbeidsmengde slik at dei er førebudd på kva det inneber å studera ved helsefagskulen. Eit mogleg tiltak for å hindre fråfall i startfasen er å gje ekstra støtte i studieteknikk for fyrsteårsstudentar som slit.

### 2.0 Vurdering av utdanningstilbodet

Nettstudentane sakna den «nære» dialogen med faglærar under fordjupingsemnet som dei elles har hatt. Samtidig gjev nettstudentane gode tilbakemeldingar i høve til studiet.

Emne 1 er eit generelt emne som er likt ved alle studieretningane, også andre stader i landet, og nokre studentar opplever gjerne at det er for generelt for den spesialiseringa dei tek. Studia vert fagspesifikke i dei andre emna.

Studentane er nøgd med lokalitetane på Nordnes men har meldt at det er for kaldt i klasserommet. Varmen i dei aktuelle klasseromma på Nordnes er no justert etter feil på anlegget.

Det er uklære tilbakemeldingar i høve til samarbeid med arbeidslivet, og dei fleste studentane svarar om tilrettelegging i frå eigen arbeidsgjevar og ikkje så mykje i høve til skulen sitt faglege samarbeid med arbeidslivet.

### 2.3. Eksterne interessentar si vurdering av utdanningane

Det er ikkje gjort systematiske undersøkingar blant arbeidslivet, men det er tett samarbeid i høve til praksisavtalar mm. Dette vil verte endra frå inneverande skuleår i høve til eigne spørjeskjema til arbeidslivet. Skulen opplever at arbeidslivet er positiv til kompetansenivået hos studentane som kjem i praksis.

Det ser ut til at det er ein positiv utvikling i høve til tilrettelegging i arbeidslivet. Det er no ein tariffavtale som gjev lønstillegg for relevant fagskuleutdanning.

## EVALUERING OG FOKUSOMRÅDE

Sett opp mot kvalitetsmåla frå 2014, er både student- og lærarskår godt over kritisk nivå på nær alle område (viser til sjølve meldinga). Leiinga ser likevel **3 kritiske område**

1. Sluttarar fyrste semester
  - a. Tiltak: Individuelle støttetiltak for dei som har faglege startvanskar (studieteknikk, data og oppgåveskriving)
  - b. Tiltak: Etablere eit rekrutteringsprosjekt (pilotprosjekt) knytt til ny klasse i Rehabilitering hausten 2018. Gjennom prosjektet vil skulen vere tett på arbeidsgjevar med mål om å betre rekruttering og gjennomføring.

2. Samarbeidet med arbeids-/ næringslivet
  - a. Tiltak: Etablere fleire signerte formelle avtalar med helseinstitusjonar, kommunar og helseføretak.
3. Praksistilbodet; tilgang på plassar
  - a. Møte med kommunane om praksisplassar. Administrasjonen ved fylkeskommunen kan delta med ein representant saman med styreleiar.

#### **Status samanslåing**

- Det er gjennomført omstillingssamtaler med lærarane og avdelingsleiar.
- Rektor ved Fagskolen i Hordaland avklarar spørsmål som er kome fram under omstillingssamtalane.
- Rektor ved Fagskolen i Hordaland kan no som omstillingssamtalane er gjennomførte gå i individuelle samtalar med dei tilsette ved helsefagskulen.
- Det vart avtalt eit OMU-møte før jul – 5. desember kl. 12 til 14 på Nordnes.